



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 27.05.2016
Vår ref.: 2014/673-233
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Prosjekt kulturminneplaner i kommunane 2013-2016 (KIK) - Utlysing av restmidlar for 2016 – Frist 1. september 2016

Vi viser til vårt brev av 04.01.2016 med invitasjon til samarbeid i prosjektet kulturminneplaner i kommunane 2013-2016 (KIK). Etter at søknadane vart handsama 10.05.2016 (PS 79/2016 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling KIRU - HFK) er det kr 420 000,- igjen i budsjettpost.

Utval for kultur, idrett og regionalutvikling vedtok i møte den 10. mai 2016 i sak PS 79/2016 ny utlysing av midlar og handsaming i oktober 2016.

Dei slutter seg til følgjande retningslinjer for tildeling av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.000

- Informasjon om tilgjengeleg midlar vart utlyst til kommunane etter KIRU møte 10. mai.
- Frist for innsending av søknad frå kommunane er 1. september
- Saka om tildeling av midlar vert lagt fram for KIRU i møte 12./13. oktober 2016
- Kommunar som har eldre kulturminneplaner som treng revisjon vert prioritert og kan søkje om inntil kr 100 000,- kvar. Dette gjeld Lindås, Masfjorden, Modalen og Stord
- Kommunar kan søkje stønad om inntil kr 50 000,- til rettleiings og formidlingsprosjekt basert på handlingsplan i vedtekne kulturminneplanar. Prosjektet må ha overføringsverdi til andre kommunar. Det er og mogleg å søkje om fellesprosjekt frå fleire kommunar.

Dersom du har spørsmål tar gjerne kontakt med Elizabeth Warren eliwarr@hfk.no eller tlf 55239198

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.